



Masfjorden kommune

Møtebok for Kraftfondsstyret

Møtedato: 12.06.2023

Møtestad:

Møtetid: 11:00 - 11:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

023/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
024/2023	Godkjenning av møtebok	s. 04
025/2023	Vestland Bjøllelag SA - søknad om tilskot	s. 05

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/588

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2023	Kraftfondsstyret	PS	12.06.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 023/2023

KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/588

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2023	Kraftfondsstyret	PS	12.06.2023

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 024/2023

KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtek.

KRFT - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	23/302

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2023	Kraftfondsstyret	PS	12.06.2023

Vestland Bjøllelag SA - søknad om tilskot

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kraftfondet - søknad om tilskot	24.03.2023
Søknad om stønad frå kommunalt Næringsforum	24.03.2023
Utvivelse - Østerbø - Fossedalen - Litle Matre - Otterstad	24.03.2023
Prosjekt Stølsheimen med Vestland Bjøllelag-rev2	24.03.2023
Prosjekt rekneskap for Masfjorden 2023	24.03.2023
Fullmakt Fossedalen	24.03.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev Vestland Bjøllelag SA eit tilskot med kr. 79.000 til omsøkte prosjekt, betre signaldekning i beiteområda, finansiert men bruk av tidlegare års avsetjing til disposisjonsfond drift – primært avsetjing landbruk.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot gjennom kraftfondet med kr. 78.790 av eit totalprosjekt på kr. 178.560 til prosjekt for å sikre betre signaldekning i beiteområda.

Høyring

5.juni frå kl. ca. kl. 14, orientering vestland Bjøllelag v/Audun Seilen og Odd Midtbø 14.45
Ordførar/formannskapet ba om sak til den 12.6.

Uttale

Lagt fram for kraftfondsstyret i møte den 27.4.23

Fakta

Viser til vedlegg/fylldig søknad

Denne søknaden omhandlar beitelaga i Masfjorden.

Kort samandrag

Våren 2022 starta ei gruppe sauebønder i Nordhordland ei prosjektgruppe som skulle jobba for å oppretthalda utmarksbeitinga og gjera tilsyn og sanking meir effektivt i beiteområda deira. I tillegg er det eit mål å redusera tap av dyr på utmarksbeite og å få ei betre oversikt over korleis dyra vandrar i beiteområdet. Dei oppretta ei prosjektgruppe som skulle jobba med dette.

Prosjektgruppa konkluderte med at elektronisk overvaking av dyra ville vera eit viktig hjelpemiddel for å nå måla i prosjektet. Etter å ha undersøkt kva som var mogeleg å få til av tekniske løysingar, vart det etablert eit bjøllelag som kunne stå for innkjøp og drift av utstyr. Dette er eit felles bjøllelag, som er meint å dekkja beiteområda til beitelaga i Vestland fylke, noko som vil styrke samarbeid mellom bøndene, og gje betre oppfølging av beitedyra.

Våren 2022 kjøpt bjøllelaget og beitelaga inn kring 850 radiobjøller av type Telespor Gen4+ og 12 signalforsterkarar for smal-band system, jamt fordelt i Stølsheimen. Dette systemet gjer at ein kan følgje med på kvar beitedyra går, ein får varsel om dyret ikkje er aktivt og det lettar tilsyns- og sankearbeidet. Når ein summerer alle innhenta posisjonsdata kan ei lage ei oversikt over detaljert beitebruk i eit beiteområda.

Ein er no i fase 2, der Bjøllelaget i samarbeid med nye beitelag, ser på kva moglegheiter det er i deira område. Ein god dialog òg med kommunane er her svært viktig og gjerne avgjerande for å få satt prosjektet ut i livet.

Prosjektrekneskap

År

2023

«Smal-band dekning for sporing av sau i Masfjorden»
(Fossedalen beitelag)

Kostnader (planlagt innkjøp)	Antall	Enhetspris	Budsjett	Rekneskap
Basestasjon LoRaWan , komplett.	2	15 000	30 000	
Sporingsbjøller type Telespor gen 4+	40	839	33 560	
Helikoptertransport. (alt snøscooter viss mulig)	2	12 000	24 000	
Sum kostnader			87 560	0

Arbeidskostnader	Antall	Enhetspris	Budsjett	Rekneskap
Egen innsats lokale beitelag (ca 100t pr base)	200	350	70 000	
Innsats frå Vestland-Bjøllelag SA (ca 30t pr base)	60	350	21 000	
Sum Arbeidskostnader			91 000	0

Sum prosjektkostnad totalt			178 560	
-----------------------------------	--	--	----------------	--

Finansiering	Antall	Enhetspris	Budsjett	Rekneskap
Eigeninnsats beitelaga (arbeidstimar)	200	350	70 000	
Eigenbetaling (25% av bjøllepris. (839*0,25))	40	209,75	8 390	
Søkt beitebruksmidler. (50% av bjøllepris. (839*0,5))	40	419,5	16 780	
Inntekt ifm utleige	40	115	4 600	
Sum Finansiering			99 770	0

Tilskot frå GMU	1	78 790	78 790	
(Tilskot = Totalt - Finansiering)	Del av totalbudsjett		44 %	#DIV/0!

Vurdering

I forhold til § 2 i vedtektene for kraftfondet, Føremål, Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. **Verksemder som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.** Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Vidare i forhold til vedtektene, § 5 Vilkår for stønad, Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt – her søkt om 44%.

Samla sett vurderer ein søknaden til å ikkje vere heilt i tråd med vedtektene og retningslinene for kraftfondet, noko som søkjarane opplevde sjølv, fall utafør dei fleste støtteordninga. Kommunen har disp.fond og tidlegare avsetjing frå kraftfondet til landbruk, løyvd for mange år sidan, men framleis ikkje nytta, og tilrår at desse midlane vert brukt og at søknaden vert innfridd.

Konklusjon

Søknaden vert tilrådd, utanom bruk av kraftfondet, men bruk av tidlegare års avsetjing til disposisjonsfond drift – primært avsetjing landbruk.

Kraftfondsstyret - 025/2023

KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Masfjorden kommune gjev Vestland Bjøllelag SA eit tilskot med kr. 79.000 til omsøkte prosjekt, betre signaldekning i beiteområda, finansiert men bruk av tidlegare års avsetjing til disposisjonsfond drift – primært avsetjing landbruk.

Rett utskrift frå møteboka frå Kraftfondstyret 12.06.23 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar